

**Arkiv:** FA-C00  
**JournalpostID:** <jpID> 20/30177  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 20.05.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
036/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	09.06.2020
059/20	Alver kommunestyre	25.06.2020

### **Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver kulturråd**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.06.2020:**

##### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

##### **OKK- 036/20 Vedtak:**

##### **Innstilling frå OKK - 09.06.2020:**

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

#### **Alver kommunestyre 25.06.2020:**

##### **Behandling:**

Innstilling frå utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart samråystes vedteke.

##### **KO- 059/20 Vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom Alver kommune og Alver kulturråd, slik han ligg ved saka

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjera i kommunestyret

#### **Bakgrunn**

Alver kulturråd vart konstituert i desember 2019, etter at eit interimstype med representantar frå kulturlivet i dei tre gamle kommunane hadde førebudd saka gjennom 2019.

Lindås og Radøy kommunar hadde samarbeidsavtalar med Lindås kulturråd og Radøy song- og musikkråd.

Alver kulturråd ønskjer samarbeidsavtale med Alver kommune, og ein er komme til semje om eit framlegg til avtaletekst.

**Saksopplysninger:**

Alver kulturråd har som formål og vere bindeledd og arena mellom frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet og kommunen, og arbeide for best moglege vilkår for kulturfeltet i Alver.

Ein samarbeidsavtale mellom kommunen og kulturrådet vil regulere oppgåver og forventingar mellom partane. Kulturrådet representerer sine medlemsorganisasjonar innan kulturfeltet, og kan vere eit bindeledd i ulike saker som vedkjem kulturfeltet. Kulturrådet er ikkje eit frivilligheitsråd, men ein medlemsbasert organisasjon med opptak frå kulturlivet. Friluftslivsorganisasjonar kan verte medlemmar av Alver kulturråd

Avtalen regulerer tilskotsyting til kulturrådet, behovsprøvd årleg.

Kulturrådet sin avtale liknar på tilsvarande framlegg til avtale framarbeidd med Alver idrettsråd, men med somme andre formuleringar.

Alver kulturråd har ingen særskilde merknadar til avtalen, slik den ligg føre, men ønskjer å forplkte seg ved uttale til kommunale tilskotsmidlar med formuleringa skal gi uttale i høve tildelingar under punkt 4f. Dette er tatt omsyn til i endeleg framlegg.

I si uttale ønskjer kulturrådet å sjå på punktet om administrativ støtte. Alver kulturråd er ein ekstern part, som vil ta mot saker i kommunal saksgang til uttale og høyring. Tilsette i kommunen kan ikkje ha oppgåve å administrere eller vere kopla på eller svært nær same saksgang både i kommunen og kulturrådet. Dette punktet har ein frå kommunen sitt hald vore klar på at ein ikkje kan oppfylle, med omsyn til habilitet og tilhøva for tilsette.

**Vedlegg i saken:**

01.06.2020	Uttale frå Alver Kulturråd	1398798
01.06.2020	Presisering frå Alver kulturråd	1398799
02.06.2020	Samarbeidsavtale Alver kommune og Alver kulturråd	1398860